

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 46/2008

Møtedato: 17.9.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 628

S 628, Nørre Trøllhøvd – søknad om areal til trening med hest

Torill Trøen søker om å få lage treningsbane for hest på Nørre Trøllhøvd. Planen er å tren eigne hestar og etter kvart ta inn hestar til oppstalling og trening. Banen er i hovudsak planlagt på stølsutvisning og tilleggsjord. Søkjaren ynskjer at treningsbanen kan gjerdast inn, og det blir derfor søkt om å få gjerde inn arealet mellom stølen og tilleggsjorda.

Fjellstyret såg på saka under befaring den 16.6.08 saman med søker og Statskog.

Fjellstyret behandla søknaden i sak 32/2008. Fjellstyret gjorde då vedtak om å leggja søknaden ut til offentleg ettersyn. Det har ikkje kome merknader til søknaden.

Vi har i seinare tid opplevd at det har kome merknader på uheldige konsekvensar av utvist tilleggsareal, sjølv om det ikkje har vore merknader ved offentleg ettersyn. Det kan også koma brukarar som i dag ikkje brukar stølen, men som kan ta opp att stølsdrifta seinare. Inngjerding av arealet mellom eksisterande støl og tilleggsjord, fører til eit stort område blir stengt. Fjellstyret bør derfor vurdere om ein skal ta etterhald om at ein i ettertid skal kunne krevja at det kan opnast ei goto mellom støl og tilleggsjord.

Tilleggsjorda F981 fall i det fri og vart vist ut att til Torill Trøen i 2007. Når tilleggsjorda vart vist ut på ny, vart det brukt kart frå gamal utvisning. Det er ikkje samsvar mellom gamalt kart og det som var delvis opparbeidd. Uvisinga bør korrigera slik at det blir i samsvar med det som er opparbeidd.

Kommunen opplyser at det ikkje er nødvendig med bruksendring for å opparbeide treningsbane på stølsjorde/tilleggsjord.

Statskog avgjer spørsmål knytt til tilleggsjord og fjellstyret avgjer spørsmål knytt til stølsutvisning.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til at det blir opparbeida treningsbane på stølsutvisinga.

Fjellstyret tilrår at søkeren får opparbeide resten av treningsbanen og at det blir utstedt gjerdetillatelse for området mellom stølsutvisning og tilleggsjord. Gjerdetillatelsen bør vera midlertidig, slik at avtalen kan seiast opp når banen eventuelt går ut av bruk. Fjellstyret tilrår at Statskog tek inn eit punkt i avtalen om at ein skal kunne krevja opning av ei goto mellom støl og tilleggsjord, dersom stengselet blir eit problem for beitedyr. Goto skal kunne stengjast ved bruk av banen.

Ved oppmåling av tilleggsarealet, ber fjellstyret om at tidlegare utvist tilleggsjord blir målt opp på nytt slik at det blir samsvar mellom oppmåling og det areal som tidlegare er delvis opparbeidd.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.9.08.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Torill Trøen, 2966 Slidre
Statskog v/Raymond Solberg, Serviceboks 1016, Namsos
Vestre Slidre kommune, 2966 Slidre